

## BARNETS BESTE - VURDERING

1. VURDERE	2. VEKTE	3. VISE
<p><b>Vurdere kva som er barnet beste i den aktuelle saka.</b></p> <p>Moment som skal inngå i ei heilskapsvurdering av situasjonen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnet sine synspunkt.</li> <li>• Barnet sin identitet, karaktertrekk og eigenskapar (kjønnsidentitet, nasjonalitet, religiøs og kulturell identitet).</li> <li>• Barnet sine behov for å bevare familiemiljø og oppretthalde viktige relasjoner.</li> <li>• Vern, omsorg og sikkerheit.</li> <li>• Barnet sine sårbarheiter (funksjonsnedsetting, minoritet, flyktning, menneskehandel).</li> <li>• Barnet si helse, utdanning og utvikling.</li> </ul> <p>Små barn må få ekstra støtte til å gi uttrykk for sitt syn, til dømes gjennom teikning eller leik. Ein må også sjå på ansiktsuttrykk og kroppsspråk. Tilrettelegging kan vere naudsynt for barn som ikkje kan uttrykke seg på vanlig måte, anten det er på grunn av funksjonsnedsetting eller at dei ikkje kan norsk.</p>	<p><b>Vekte omsynet til barnet opp mot andre omsyn og ta avgjerd om kva betydning barnets beste skal ha i saka.</b></p> <p>Vekta ein skal legge på barnet sine interesser og utsegn vil variere alt etter kor sterkt barnet vil bli påverka av avgjarda.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vise moment som er vurdert og korleis desse er vekta mot kvarandre for å kome fram til kva som er det beste for barnet/ungdommen.</li> <li>• Vektning av spenningsforholdet mellom vern og barnet sine grunnleggjande rettar i høve til alder.</li> <li>• Vege barnet/ungdommen sitt beste opp mot andre moment i saka.</li> <li>• Omsyn til andre barn/elevar.</li> <li>• Andre omsyn.</li> <li>• Om ikkje det er mogleg å balansere på grunn av motstridande omsyn; avgjere kva omsyn som skal vege tyngst.</li> <li>• Om løysinga ikkje er til barnets beste; skildre kvifor omsyn til barnets beste ikkje kan ivaretakast.</li> <li>• Omsynet til barnets beste kan gå på tvers av andre omsyn eller rettar som barnet kan ha. Dersom det er ei mogleg konflikt mellom fleire barn sine interesser, eller eitt barn generelt, må det bli løyst i den einskilde saka gjennom ei grundig avvegning av alle interesser, med sikte på å finne eit kompromiss.</li> </ul>	<p><b>Vise (dokumentere) innhaldet i barnets bestevurdering og forklare vekting av ulike omsyn i grunngjeving for avgjerd/vedtak.</b> Det skal gå klart fram korleis endeleg vurdering som er gjort; kva er barnet sitt synspunkt og korleis barnet si mening er vektlagt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklar korleis barnets beste er undersøkt og innhald i vurderinga.</li> <li>• Forklar kva vekt barnets beste har fått i avvegning mot andre omsyn, og eventuelt kvifor andre omsyn går foran.</li> <li>• Er avgjerda ei anna enn den barnet ønsker, må grunnen gå klart fram. Om den valde løysinga ikkje er til barnets beste, må årsaka kome fram for å vise at barnets beste har vore eit grunnleggjande omsyn trass i for resultatet.</li> <li>• Det er ikkje godt nok med ei generell grunngjeving av at andre omsyn må gå føre. Omsyn må bli konkretisert ut frå den aktuelle saka, og vektinga av desse må bli forklart. Ein må også grunngi kvifor barnet sine interesser ikkje var sterke nok til å vege opp for andre omsyn.</li> </ul> <p>Korleis barnets beste er vurdert er ei konkret og heilskapleg vurdering av moglege konsekvensar (positive og negative) for barnet.</p>